

Prosedyre for primærkontakt

Status:	Gjeldende
Ikrafttredelse:	02-06-2015
Type:	Prosedyre
Utstedelse:	02-06-2015
Sist revidert:	02-06-2015
Neste revisjon:	02-06-2016
Ansvarlig:	Randi R. Minde og Britt Romarheim
Redaktør:	Kathrine S. Brakstad
E-post:	kathrine.s.brakstad@meland.kommune.no

Føremål.

I Meland Kommune skal pleie og omsorgstenesta organiserast etter primærkontakt prinsippet. Kvar einskild pasientar/ brukarar får tildelt primærkontakt for å sikre god individuell teneste av høg fagleg kvalitet.

Dette skal sikre at:

- Pasient/ brukar får kontinuerleg oppfølging og helsehjelp av god kvalitet.
- Pasient/ brukar får oppfylt sine rettar i følge lov og forskrift.
- Pasient/ brukar opplever respekt, verdighet og toleranse..
- Pasient/ brukar har medverknad i høve til eigen helse- og omsorgsteneste

Grunnlag (link)

Kvalitetsforskrift

Pasientrettighetsloven

Helsepersonell loven

Helse og omsorgslova

Vergemålslova

Omtale

Ved sjukeheimen vil alle pasientar få tildelt ein sjukepleier og helsefagarbeider som primærkontakt.

I heimetenesta vil alle pasientar / brukarar få tildelt primærkontakt. Tjenestevedtaket avgjer kva kompetanse primærkontakten skal ha.

Ein primærkontakt skal **sikre** følgjande oppgåver:

- Oppretthalde dialog med pasient/ brukar og pårørande.
- Ivareta kontinuitet, stabilitet og individuell omsorg for pasient/ brukar.
- Kontakt med lege og spesialisthelsetenesta.
- Inkomstrappport/ samtale – innhenting / oppdatering av helseopplysningar / nettverk osv Sjø avdelingsvis sjekklister. (vedlegg)
- Kontinuerleg oppdatering av hovudkort, tiltak/ pleieplan og Iplos.
- Ansvar for å dokumentere, rapporter tenestebehov/ endringar i tenestebehov i f.t. gjeldande vedtak. Endringar i tenestebehov skal meldast til nærmaste leiar slik at mellom anna vedtaket

kan justerast.

- Bidra til verjemåls oppnemning.
- Tverrfageleg samarbeid rundt pasient/ brukar, dokumentere dette i elektronisk pasientjournal.
- God informasjonsflyt slik at pasient / brukar sine behov vert formidla til nødvendig personalet (internt innan tenesteområdet, mellom tenesteområda og i høve til spesialisthelsetenesta) og oppdatera pleie- / miljø- / individuell- plan.

Ansvar/mynde

Avdelingsleiar skal utpeike primærkontaktar til pasientar/ brukar.

Kvalitetsmål

Sikre god kvalitet og kontinuitet på pleie og omsorgs tenesta til kvar einskild brukar.

Evaluering: Evaluerast årleg innan utgangen av februar , jmf årshjul